



---

Arkivsak-dok. 20/02859-15  
Saksbehandler Astrid Mogstad Høivik

Saksgang Møtedato

Hovudutval for oppvekst 22.04.2021  
Kommunestyret 29.04.2021

---

## Saksframlegg

### **Fastsetting av skulekringsgrenser for Todalen og Stangvik skule frå 01.08.21 - etter høyring**

#### **Kommunedirektøren si innstilling:**

Surnadal kommunestyre vedtek denne nye forskrifta for skulekrins for Todalen og Stangvik skule frå 01.08.21:

#### **Forskrift – Skulekrins for Todalen og Stangvik skule frå 01.08.21:**

Skuleskrinsen for Todalen og Stangvik skule er dei to tidlegare skulekrinsane for Todalen og Stangvik skular for 1.- 7.trinn, frå Todalen i aust til Stangvik i vest.

Grensa mot Øye skulekrins følgjer den gamle kommunegrensa mellom Stangvik og Surnadal, der Hyllbakken (g.nr.102) høyrer til Todalen og Stangvik skulekrins og Pollen (g.nr.40) høyrer til Øye skulekrins.

## Saksopplysningar

### **Denne saka gjeld**

Denne saka gjeld fastsetting av ny skulekrins for Todalen og Stangvik skule etter iverksetting av Surnadal kommunestyre sitt vedtak 13.12. 18 om eventuell samanslåing av skulane i Todalen og Stangvik.

Fastsetting av ny forskrift for skulekrinsgrenser for Todalen og Stangvik skule frå 01.08.21 er ei oppfølging av pkt. 5 i kommunestyret sitt vedtak:

### **Behandling i Kommunestyret - 13.12.2018**

#### Votering:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

#### **Kommunestyret sitt vedtak:**

##### *Surnadal kommunestyre vedtek:*

- 1) Dersom barnetalet ved Todalen barnehage blir fire barn eller mindre, blir Todalen barnehage samanslått med Stangvik barnehage frå 01.08 det året dette eventuelt skjer.
- 2) Dersom elevtalet ved Todalen skule blir tjue elevar eller mindre, blir Todalen skule samanslått med Stangvik skule frå 01.08 det året dette eventuelt skjer.
- 3) Det er barnetalet 01.08. året før det aktuelle skuleåret som skal leggast til grunn. Dette for å
  - g) gi forskuleungane eit sikkert mål
  - h) Gi god tid til sakshandsaming, personalprosess og anna intern førebuing
- 4) Dersom det blir ei samanslåing av barnehagen eller skulen, skal det lagast ei eiga sak om gjenbruk at barnehage- og skulebygget i Todalen.
- 5) Ny forskrift for barnehagen sitt opptaksområde og ny forskrift for skulekrinsen skal utarbeidast og vedtakast om ei samanslåing blir aktuelt.

Punkt 3 i vedtaket regulerer når ei eventuell samanslåing av Todalen og Stangvik skule skal skje.

01.08.20 viste barnetalet i Todalen at det 01.08.21 ville bli 20 eller færre elevar ved Todalen skule, og arbeidet med samanslåing av skulane etter pkt. 3, og ei ny skulekrinsforskrift etter pkt. 5 vart sett i gang.

Surnadal kommunestyre valde i saka kring vurdering av samanslåing av Todalen og Stangvik skule ei to-delt behandling, der samanslåingsvedtaket og forskriftsfestingen av skulekrinsen vart behandla i to ulike saker, jfr. Rundskriv frå Utdanningsdirektoratet: Behandlingen av saker om skolenedleggelse og kretsgrenser Udir-2-2012:

#### **A) Nedleggelse og forskriftsendring som to separate saker:**

*Nedleggelsen og forskriftsendringen kan etter kommunens eget valg behandles som to separate saker, først et vedtak om nedleggelse, dernest en forskriftsendring som følge av nedleggelsen. Hvis denne fremgangsmåten velges, vil avgjørelsen om selve nedleggelsen måtte følge ulovfestede forvaltningsrettslige prinsipper, se pkt. 3 ovenfor. Den etterfølgende forskriftsendringen derimot vil måtte behandles etter de saksbehandlingsreglene som er angitt i forvaltningslovens kap. VII om forskrifter. Det vises også til ovennevnte retningslinjer fra JD om forskriftsarbeid i kommunene*

Ved behandlinga av skulestrukturendringssaka i 2018, valde Surnadal kommune å bruke forvaltningslova sine bestemmelser, med ei brei utgreiing med vurdering av barnas beste, læringsmiljø, psykososialt skolemiljø, samfunnseffektar, befolkningsutvikling, følger for skuleskyss, vurdering av skulebygg og økonomiske forhold. Etter ein omfattande høyringsrunde, der det kom inn svært mange uttalar frå både rådsorgana til oppvekstsenteret og andre aktørar, gjorde kommunestyret sitt vedtak om samanslåing dersom elevtalet ved Todalen skule blir 20 elevar eller færre.

Denne saka gjeld ikkje ei ny vurdering av skulestrukturen for Todalen og Stangvik skule, men kva som skal vere skulekrinsen/nærskulen til barna i gjeldande skulekrinsar for Todalen og Stangvik skular når desse to skulane frå 01.08.21 blir slått saman til ein skule.

I slike saker er det hovudutvalet som behandler saka først og legg forslag ut på høyring, før hovudutvalet behandler saka etter høyring, og kjem med si tilråding til kommunestyret for endeleg behandling.

Hovudutval for oppvekst behandla høyringsforslaget om ny forskrift for skulekrins for Todalen og Stangvik skule frå 01.08.21 i sitt møte 25.11.20, med høyringsfrist 04.01.21. Ved ein feil vart høyringssaka lagt fram for kommunestyret 12.12.20, men trekt etter at utvida høyringsfrist vart sett av kommunestyret til 04.02.21.

Høyringsbrevet (til rådsorgana ved Todalen og Stangvik oppvekstsenter og på kommunen si heimeside), med melding om den nye høyringsfristen 04.02.2021, vart ved ein feil sendt ut dagen før kommunestyremøtet 12.12.2020. Dette burde vore gjort etter kommunestyret si endring av fristen, men intensjonen var uansett at alle partar skulle få melding om forlenga uttalefrist – og dermed få høve til å uttale seg.

Bakgrunnen for at det kan fastsetjast ei lokal forskrift for skulekrinsgrenser, er nærskuleprinsippet, heimla i Opplæringslova

Det er Opplæringslova §8- 1 som regulerer at kommunen kan gi forskrifter om kva skule elevane frå dei ulike områda soknar til.

### **§ 8-1. Skolen**

1. *ledd: Grunnskoleelevar har rett til å gå på den skolen som ligg nærmest eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.*
  
3. *ledd: Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.*

I Surnadal kommune var det ei meir omfattande skulekrinsgrense-justering i 1995, som omhandla også fastsetting av skulekrinsane for Todalen skule og Stangvik skule i Surnadal skulestyre 18.09.95:

#### **VEDTAK:**

##### **1. Stangvik - Øye**

Grensa blir uendra. Krinsgrensa følgjer den gamle kommunegrensa mellom Stangvik og Surnadal, som igjen fell saman med soknegrensa mellom Stangvik og Øye sokn. Dvs. at Pollen (gnr. 40) hører til Øye skulekrins, medan Hyllbakken (gnr. 102) hører til Stangvik skulekrins.

##### **2. Stangvik - Todalen**

Grensa blir endra slik at krinsgrensa fell mellom Nordvik (gnr. 133), som hører til Stangvik, og Svinvika (gnr. 134), som skal høre til Todalen. Det blir da samsvar mellom grensa for skulane og kyrkjesokna Stangvik og Todalen.

På bakgrunn av eksisterande skulekrinsgrenser for både Todalen og Stangvik skular, vil det vere naturleg å vurdere og slå saman dei to skulekrinsane, utan endringar mot Øye skulekrins. Skulebygget på Evenshaugen er dimensjonert for eit samla elevtal frå skulekrinsane Todalen og Stangvik.

Opplæringslova §8- 1, 3.ledd gir rom for at elevar frå andre skulekrinsar kan gå på andre skular enn dei soknar til etter nærskuleprinsippet. I Surnadal har slike søknadar i all hovudsak vorte imøtekommne, så lenge det har vore mogleg å følgje etablerte skuleskyssordninga.

Dette forslaget var sendt ut på høyring:

**Forskrift – Skulekrins for Todalen og Stangvik skule frå 01.08.21:**

*Skuleskrinsen for Todalen og Stangvik skule er dei to tidlegare skulekrinsane for Todalen og Stangvik skular for 1.- 7.trinn, frå Todalen i aust til Stangvik i vest.*

*Grensa mot Øye skulekrins følgjer den gamle kommunegrensa mellom Stangvik og Surnadal, der Hyllbakken (g.nr.102) høyrer til Todalen og Stangvik skulekrins og Pollen (g.nr.40) høyrer til Øye skulekrins.*

Etter offentleg høyring med frist 04.02.21 var det kome inn uttale frå FAU ved Todalen skule og FAU ved Stangvik skule. 05.04.21 kom det også ein uttale frå Bjørn Gunnar Ansnes. Ingen av dei andre rådsorgana ved Todalen og Stangvik oppvekstsenter har kome med høyringsuttale.

Saka har også vore lagt fram i skolemiljø- og samarbeidsutvalet for det samla oppvekstsenteret, utan at dei har kome med ein eigen uttale.

## Vurdering

Høyringssvara frå FAU ved Todalen skule og FAU ved Stangvik skule. Desse støttar høyringsforslaget til ny forskrift.

Høyringsuttalen frå Bjørn Gunnar Ansnes handlar i hovudsak om moment som høyrer inn under ei sak om skulestruktur, som denne saka ikkje handlar om. Han peiker vidare på at det bør gjerast ei vurdering av barnas beste i høve barnekonvensjonen i samband med skulekrinsforskrifta. Det har han rett i.

### Barnas beste og nærskuleprinsippet

Når det gjeld omsynet til barnets beste, skal dette vurderast i alle saker som omhandlar barn sin situasjon. Barnekonvensjonen Artikkel 3 nr. 1 fastsetter at barnets beste skal være et grunnleggjande hensyn ved alle handlingar som omhandlar barn.

Barnas beste vart vurdert i høve skulesamslåingssaka i 2018, og begge elevråda kom den gongen med sine uttalar som låg til grunn for vedtaket kommunestyret gjorde. Der var lengre skuleveg og auka skuleskyss eit tema som elevrådet frå Todalen var bekymra for. Kommunestyret gjorde likevel samanslåingsvedtaket for Todalen og Stangvik skular.

Surnadal kommunestyre har i sitt vedtak av 13.12.18 vedteke vilkåra som gjer Todalen og Stangvik skular at blir ein skule frå 01.08.21. Dette er ikkje økonomisk begrunna, men er ei følgje av at elevtalet pr. 01.08.20 viser at det blir 20 eller færre elevar ved Todalen skule frå 01.08.21. Vurderingane om barns beste og nærskuleprinsippet i denne saka omhandlar difor vurderingar kring fastsetting av skulekretsgrenser for den nye Todalen og Stangvik skule frå 01.08.21.

Nærskuleprinsippet i Oppl. §8-1 seier at elevane har rett til å gå på den skulen som ligg nærest der dei bur eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til.

Vurderinga av barnas beste i denne saka handlar difor om kva som er nærskulen for elevane i Todalen og på Stangvik skule frå 01.08.21, kor skulekrinsgrensa til Surnadal barne- og ungdomsskule skal gå, og kva påverknad skulekretsgrensa vil ha for elevane.

Eit forslag om samanslåing av dei to eksisterande skulekrinsane var sendt ut til høyring, og var vurdert som det beste alternativet.

Eit anna alternativ, kunne vere å endre skulekretsgrensa mellom Stangvik og Øye skulekrets på ein slik måte at elevane frå Todalen, Hjellnes og Nordvik får Surnadal barne- og ungdomsskule som sin nærskule. Dette er den barneskulen i kommunen utanom den vedtekne Todalen og Stangvik skule, som ligg nære nok til å kunne vere eit alternativ.

Ser ein på avstandane mellom dei to barneskulane som kan vere aktuelle for elevane i Todalen, Hjellnes og Nordvik, er avstanden mellom Todalen skule og Stangvik skule 18,4 km, og mellom Todalen skule og Surnadal barne- og ungdomsskule 25,5 km (*Kjelde: Skuleskyssportalen for Møre og Romsdal*).

Tek ein utgangspunkt i Hjellnes, som ligg på skulekretsgrensa mellom Todalen og Stangvik skular i dag, er det 8,2 km lengre mellom Hjellnes – Surnadal barne- og ungdomsskule enn mellom Hjellnes – Stangvik skule.

Den nærmeste skulen for elevane frå Todalen, Hjellnes og Nordvik, vil vere nye Todalen og Stangvik skule på Evenshaugen. Dette i møtekjem nærskuleprinsippet og gjev kortast skuleveg, noko som er til beste for elevane.

Skulebygget på Evenshaugen er dimensjonert for eit samla elevtal frå skulekrinsane Todalen og Stangvik. Det er i samanslåinga av skulane, lagt stor vekt på å få til eit så godt skuleskyssstilbod som mogleg for elevane frå Todalen, Hjellnes og Nordvik, med mellom anna minibuss utan omstiging eller bussbytte for elevar frå Kårvatn og Hjellnes til Stangvik skule.

Det har under den offentlege høyringa ikkje kome uttalar om å gjere endringar med grensa mot Øye skulekrins.

Opplæringslova §8- 1, 3.ledd gir rom for at elevar frå andre skulekrinsar etter søknad, kan få gå på andre skular enn dei dei soknar til etter nærskuleprinsippet.

I Surnadal har slike søknadar i all hovudsak vorte imøtekommne, så lenge det har vore mogleg å følgje etablerte skuleskyssordningar. I samband med samanslåinga av Todalen og Stangvik skular har det kome to slike søknadar frå Todalen skulekrets, som er imøtekommne.

Ut frå ei samla vurdering av barnas beste, og i tråd med nærskuleprinsippet etter Oppl. §8-1, vil det beste alternativet vere å slå saman dei to eksisterande skulekrinsgrenser for Todalen og Stangvik skular til ein felles skulekrets, med same grense mot Øye skulekrets som Stangvik skule har i dag.

Kommunedirektøren tilrår difor høyringsforslaget som ny forskrift - Skulekretsgrenser for Todalen og Stangvik skule,

### Vurdering av effekt opp i mot FN sine 17 bærekraftmål

Saksbehandlar sett kryss framfor dei bærekraftmåla som ein vurderer at saka / tiltaket vil kunne ha ein effekt på:

<input type="checkbox"/>	 Mål 1 Utrydde fattigdom
<input type="checkbox"/>	 Mål 2 Utrydde sult
<input type="checkbox"/>	 Mål 3 God helse
<input checked="" type="checkbox"/>	 Mål 4 God utdanning
<input type="checkbox"/>	 Mål 5 Likestilling mellom kjønnene

<input type="checkbox"/>	 <b>Mål 6</b> <b>Rent vann og gode sanitærforhold</b>
<input type="checkbox"/>	 <b>Mål 7</b> <b>Ren energi for alle</b>
<input type="checkbox"/>	 <b>Mål 8</b> <b>Anstendig arbeid og økonomisk vekst</b>
<input type="checkbox"/>	 <b>Mål 9</b> <b>Innovasjon og infrastruktur</b>
<input type="checkbox"/>	 <b>Mål 10</b> <b>Mindre ulikhet</b>
<input type="checkbox"/>	 <b>Mål 11</b> <b>Bærekraftige byer og samfunn</b>
<input type="checkbox"/>	 <b>Mål 12</b> <b>Ansvarlig forbruk og produksjon</b>
<input type="checkbox"/>	 <b>Mål 13</b> <b>Stoppe klimaendringene</b>
<input type="checkbox"/>	 <b>Mål 14</b> <b>Liv under vann</b>
<input type="checkbox"/>	 <b>Mål 15</b> <b>Liv på land</b>
<input type="checkbox"/>	 <b>Mål 16</b> <b>Fred og rettferdighet</b>
<input type="checkbox"/>	 <b>Mål 17</b> <b>Samarbeid for å nå målene</b>

## Vedlegg

Uttale frå Todalen FAU - Forskrift til skulekrins Todalen og Stangvik skule

Uttale frå Stangvik FAU - Forskrift til skulekrins Todalen og Stangvik skule

Uttale frå Bjørn Gunnar Ansnes - Høyringsvar samanslåing av skulekrinsar